



Kartverket

SANDNES KOMMUNE
Postboks 583
4302 SANDNES

Dykkar ref.:
24/01587

Vår ref.:
Sak/dok.: 23/03584-75
Ark.: 326.12

Dato:
20.11.2024

Klage – adressenamna Skeianegata og Skeianeskogen – Sandnes kommune

Me viser til vedtaket Sandnes kommune har gjort om adressenamna *Skeianeskogen* og *Skeianegata*, jf. e-brev frå kommunen dagsett 04.11.2024 med melding om vedtaket. Kartverket har klagerett etter § 12 i lov om stadnamn, som gjeld innan tre veker etter at me har fått vedtaket. Kartverket klagar med dette på vedtaket om skrivemåten *Skeianegata* og *Skeianeskogen*.

Ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn må vedtaksorganet fylgja § 4 i lov om stadnamn. Hovudregelen er å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, og å normera etter gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk. I tillegg må ein ta omsyn til kva skrivemåtar som alt er registrerte som godkjende eller vedtekne i det offisielle registeret for stadnamn, Sentralt stadnamnregister (SSR). Me viser her til § 4 tredje ledd, som fastset fylgjande: «*Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta.*»

Forskrift om stadnamn og *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* har nærmare føresegner om korleis namn skal normerast. I punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane står det fylgjande: «Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen.

Døme: *Kristiansandsfjorden, Oslofjorden, Viksfossen, Strandvikfjellet, Vikafjellet, Vikefjell.*»

Språkrådet gav tilråding om skrivemåten av desse namna i eit brev til kommunen dagsett 23.08.2024. Der skriv dei m.a. fylgjande:

«Alt tyder på at formen *Skeia-* er brukt konsekvent i forleddet til alle nedarva navn som er avleda av navnet *Skeiane*. I hovedoppgaven *Stadnamn i Sandnes* som Marit Eikeland skrev i 1980, har hun ført opp *Skeiane* som primærnavnform, og *Skeiamarka*, *Skeiasletta* og *Skeiaskogen* som avleda former. De to sistnevnte navnene er registrert med formene *Skeiasletta* og *Skeiaskogen* også på nettsiden som har adressen <https://lokalnamn.no/>. Her kan en sammenlikne med det at det på gårdsbruket Kleivane, et bruk på gården Skaret i Sandnes kommune, finnes avleda navneformer som *Kleivaberget*, *Kleivamarka* og *Kleivamyra*. Det heter ikke «*Kleivaneberge*» (eller «-berje»), «*Kleivanemark(j)å*» og så videre. (Se de navneregistreringene som finnes på den nevnte siden med lokale stedsnavn.)

Det aktuelle skognavnet er SSR-registrert med skrivemåten *Skeiaskogen* som vedtatt form. (Skrivemåten ble vedtatt 14. juni 2011.) Dette navnet bør skrives **Skeiaskogen** også når det blir brukt som navn på den aktuelle gata i området. Vi viser her til tredje avsnittet i § 4 i stedsnavnloven. Der står det: ‘*Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta.*’ I tråd med formen *Skeiaskogen* bør en også skrive **Skeiagata** [...].»

www.kartverket.no

Kommunen klaga ikkje på Kartverket sitt vedtak om *Skeiaskogen* i 2011. Då kommunen skulle fastsetja eit parknamn nær Skeiane i fjar, vedtok kommunen først *Skeianeparken*, men etter at Kartverket klaga på vedtaket, fastsette kommunen 12.03.20024 skrivemåten *Skeiaparken* i samsvar med den vanlege samansettningsmåten *Skeia-* av *Skeiane*, jf. vedtak i sak 32/24 frå utval for kultur og oppvekst. Skrivemåten *Skeianeskogen* i adressenamnet samsvarar ikkje med primærnamnet *Skeiaskogen* (skognamnet), og bryt difor med hovudregelen i § 4 tredje ledd i lova, jf. ovanfor. Både *Skeianeskogen* og *Skeianegata* er i strid med hovudregelen i punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn.

Kommunen har ikkje lagt fram nokon serskild grunn til å fråvika vanleg samansettningsmåte i adressenamna *Skeia(ne)skogen* og *Skeia(ne)gata*. Det vil føra til inkonsekvent skrivemåte i offentleg bruk om adressenamna *Skeianegata* og *Skeianeskogen* skal skrivast annleis enn parknamnet *Skeiaparken* og skognamnet *Skeiaskogen*.

Kartverket nyttar på dette grunnlaget den formelle klageretten me har etter § 12 fyrste ledd i lov om stadnamn, slik at kommunen kan handsama saka på nytt.

Vidare saksgang

Kartverket si klage fell bort dersom kommunen endrar vedtaket slik me tilrår. I motsett fall må kommunen handsama saka som ved fyrste gongs handsaming med ny høyring lokalt og ny framleggjing for Språkrådet, jf. § 12 siste ledd i lov om stadnamn. Dersom kommunen etter ferdig handsaming held fast på det opphavlege vedtaket, sender de saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd.

Venleg helsing

Erlend Trones
stadnamnansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi

SPRÅKRÅDET